



Denne duoen hadde beste sceneshowet. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Festivalleiinga har etter å ha granska tala sine laurdag kome fram til at 1.800 var inne på Festidalen-området då Åge Aleksandersen og Sambandet hadde konserten sin natt til lørdag.

Det er leiinga svært godt fornøgd med, men festivalsjef Sveinung M. Pile seier til Uskedalen.no i ettermiddag at målsettjinga må vera å få like mange innafor gjerdet i kveld. Då er det Kaizers Orchestra som toppar laget. Det skal vera venta bussar både frå Stavanger og Haugesund.



[Denne kvartetten hadde dei finaste kostymane.](#) (Foto: Ola Matti Mathisen)

Suksess er ordet som også bør nyttast om familiearrangementet i og rundt Vertshuset i tre timar i dag.



Kjartan Hoseth vann ikkje tevlinga om å bli verdas sterkaste pappa, men sterk var han! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Ikkje minst kåringa av "Festidalen minirockestjerner" for dei under 12 gjorde sterkt inntrykk både på juryen og dei framømte. I juryen satt ingen ringare enn ordførar Synnøve Solbakken, kultursjef Kristian Bringedal og advokat Bjarte Døssland og dei kåra niåringane Mathilde Lillesand og Ceceilie Ripel frå Husnes som vinnarar av tevlinga om det beste sceneshowet.



Redningsbåten fekk motorproblem. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Denne sjarmerande kvartetten gjekk til topps i kostymetevlinga, sterkt inspirerte av Mamma Mia: Margrethe Hillestad (3 ½ år, frå Herøysund), Mia Wiedenmann (4 ½ år, frå Sandnes, Aurora W. Mathisen (4 ½ år, frå Herøysund og Henriette Gjerde (3 1/2 år, frå Husnes).

For dei eldre var det gitarhero-tevling som Håvard Haugsbøl vann, men enda større spenning knytta seg til tevlinga om å bli verdas sterkaste pappa. Her tok arrangøren ikkje uventa heim sigeren sjølv ved Eilif Myklebust junior, som vann den avsluttande handbaken over Jarle Bruntveit. I den innleiande runden sprang deltakarane med tunge vasskanner og slo inn tre spikrar.

Andre tevlingsprega innslag var dart, hesteskokasting og lykkehjul og det var også sal av mellom anna ballongar og rundtur med ein superrask redningsbåt produsert av hovudsponsor Noreq. Redningsbåten måtte nesten reddast då den fekk motorproblem, men feilen vart ordna på staden. Farten på den kvikke farkosten var 34 knop på det meste utanfor Uskedalen i går og mange fekk seg ei frisk ferd.

Truleg var over 300 innom området under familiearrangementet, som utan tvil fristar til reprise neste år. Det er nesten ikkje grenser for den kreativitet Festidalen-leiinga legg for dagen og dette arrangementet var det Hege Sætveit Eikenes som styrte med sikker hand.

-Festidalen-gjengen er utruleg flinke, kreative og innsatsvillige. Dei står på både seint og tidleg utan vederlag og fortener all mogeleg heider, var kommentaren frå ein som har opplevd mykje på arrangementssida.

Av Ola Matti Mathisen



1.800 var innom under Åge-konserten. (Foto: Kvinnheringen)